



Nesjarane i intens konsentrasjon om flagg frå Asia. Frå vinstre sit Mariann Pedersen, Harald Pedersen, Kari Hermansen, Dag Hermansen, Berit Lappégard og Gjert Hermansen

**Nesjarane er ikkje namnet på ein hær frå vikingetida, men eit quiz-lag heimehøyrande på Neset i Uskedalen. Men dei er minst like sigerrike som vikingane som regel var, for til no har laget sigra i 5 av dei 7 oppgjera dei har vore involverte i. Mannskapet har skifta litt, men grunnstamma har heile tida vore den samme og det er grunn til å vera imponert over ein solid og jamn formkurve.**

Den samme grunnstamma har også ein bakgunn heilt frå barndommen med omsyn til deltaking i spørjeleiker. Då vart grunnlaget lagt for dagens triumfar, understrekar sekstetten for uskedalen.no etter onsdagens siger på Systrene Nilsen. Seinare har dei vore med i quiz i Bergen.

Men Nesjarane var med i Uskedalsquiz første gong i påska i fjor. Seinare har dei delteke i påskequiz 2 gonger og sommarquiz 4 gonger her i bygda. Nesjarane nektar for at grundig pugging av leksika ligg til grunn for triumfane, men dei finlas Kvinnheringen før oppgjeret onsdag. Diverre kom det ingen lokale spørsmål. Til gjengjeld handla ein av kategoriane om superheltar og her gjorde Nesjarane det skarpt til sin eigen store overrasking. Asiatiske flagg og ein sportsbolk var også krevjande denne gongen.

**Kva ligg så ellers til grunn for suksessen til Nesjarane? Dei er samstemte om svaret: -Stor spreing i alder og interessar. Vi er gode på litt av alt mogleg.**

Rike blir heller ikkje Nesjarane på quiz, men dei tek ut premien på Systrene Nilsen i form av god mat og vil ellers berømma verten sjølv for leiinga av tevlinga på onsdagskvelden. Morten Nilsen imponerte sigerslaget både med gode spørsmål og god leiing.

Neste onsdag er Nesjarane på plass att. Då skjer det med eit noko endra lag, men det spelar liten rolle. – Vi har store ressursar å ta av frå reservebenken, melder Nesjarane. Så spør det om nokon kan utfordra dei.

Fleire lovande lag var i aksjon onsdag.

**Tekst: Ola Matti Mathisen**

**Foto: Kristian Olav Bringedal**